

Framlegg til normallov for ungdomshus.

1. Huset skal stå ope for samkomone åt ungdomslaget og serlagi åt ungdomslaget.
2. Det kan verta leigt burt til andre samkomor og tilstellingar når dei ikkje bryt lovene for huset. Husstyret hev rett til å leiga burt huset til einskilde samkomor, som ikkje kan tenkjast å skeda fyremålet til laget og den frilynde ungdomsrörsla. All onnor lei- ge vert avgjord av ungdomslaget.
3. Kva tid møte og festar skal vera slutt. (Husstyret kan i serhöve gje- va rett til å halda på lenger).
4. Rusdrykk må haldast burte frå huset. Rusa folk og alle som viser usömeleg framferd skal visast ut.
5. Offentleg dans er forbode. Det kan verta dansa x gonger i huset um året.
6. Ungdomslaget vel (kvart år) eit styre for huset på 3 medlemer. Det- te skal passa på:
 - a. at lovene vert haldne.
 - b. at huset er i god stand.
 - c. at reinsemd og utlufting er god, at reglane frå helse- rádet vert fulgt.Minst ein av styret eller ein styreveld ordensvern skal vera til stades på kvar fest i huset.
7. Paragraf um trygding av huset. (Heile lagsmedelen bör vera trygda, då er og huset trygda, og det trengst ikkje sers trygdingsparagraf. +)
8. Lovene kan brigdast av eit årsmøte i laget når framleggget til brigde er kunngjort minst 14 dagar fyreåt. Lovbrigde krev 2/3 fleirtal av dei lagsfolk som møter.

+) Döme på trygdingsparagraf for laget:

Skulde laget verta nedlagt eller skifta fyremål so det ikkje lenger kan segjast å vera eit frilyndt ungdomslag, går lagsmedelen til fylkes- laget 1) som fyrebils tek vere på midelen. Skulde det so i bygdi innan 5 åt verta skipa eit nytt frilyndt ungdomslag, skal midelen gå til det. I anna fall går midelen til endeleg inntekt for fylkeslaget 1).

Styret i fylkeslaget 1) avgjer med endeleg verknad dei skyns- spursmål som denne paragrafen gjev höve til, t.d. um ein kan segja at laget har skift fyremål eller um det med rette kan kallast eit frilyndt ungdomslag som arbeider i samhöve med hovudgrunnsetningane i den fri- lynde ungdomsrörsla. Denne paragrafen kan ikkje brigdast utan samtykke frå fylkeslaget 1).

1) I staden for fylkeslaget kan ein her setja Noregs Ungdomslag.